



Atle Hevrøy
Maurhaugen 20
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/3706 - 19/4645

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
19.02.2019

Dispensasjon frå arealføremålet LNF og pbl § 1-8 for etablering av avløpsanlegg - gbnr 117/28, 117/29 og 117/32 Rosnes

Administrativt vedtak. Saknr: 096/19

Tiltakshavar: Atle Hevrøy
Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 (det generelle byggjeforbodet i strandsona) for etablering av felles avløpsanlegg for eideomane gbnr 117/28, 117/29 og 117/32. Det skal etablerast felles minireinseanlegg, avløpsleidningar fram til felles anlegg og utsleppsløye til sjø.

Saka omfattar også søknad om utsleppsløye. Denne vert handsama i eige vedtak.

Det vert elles vist til søknad mottatt 07.12.2018.

Sakhandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.12.2018 og frist for sakhandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato, dvs. 01.03.2019.

Planstatus

Eideomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert LNF-føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 (det generelle byggjeforbodet i strandsona).

Det er søkt om dispensasjon. Søkjar opplyser i søknaden at

- det ikkje er badevassinteresser i området



- at reinseanlegget ikkje vil bidra med forureining, men nullutslepp frå eigedomane
- at anlegget fysisk ikkje vil vera til ulempe for nokon, verken for dei som ferdast på land eller i sjø

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klageurdering.


Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 07.12.2019.

Kart



Privatrettslege forhold

Anlegget vert plassert på søkjane sine eigedomar.

VURDERING

Det er to vilkår som må vera oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Vilkåra i plan- og

bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2), det vil seja at alle vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggileik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av felles avløpsanlegg for tre eksisterande eldre hytter. Området er ikkje utbygd med offentleg avløpsanlegg og det ligg heller ikkje føre konkrete planar om slik utbygging. Avløpssituasjonen i området må løysast ved etablering av private anlegg.

Omsyna bak LNF-føremålet er i hovudsak å verne om samfunnsinteresser knytt til landbruk, natur og friluftsliv. Det er ynskjeleg å unngå uheldig omdisponering og fragmentering av landbruksområde og anna grønstruktur.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdslle og friluftsinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Til dømes vil landskapsomsyn tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlinja bør avgrensast.

Når det gjeld landbruksinteresser så gjer ikkje dei seg særskilt gjeldande for omsøkte tiltak. Vurderinga blir om omsyna bak strandsonevernet og friluftsinteressene vert sett vesentleg til side som følgje av ein dispensasjon i denne saka.

Etablering av avløpsanlegg slik det er søkt om vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller strandsone. Reinseanlegg og leidningar skal plasserast på eigen grunn og anlegget er knytt direkte til eksisterande bebyggelse. Avløpsanlegg og leidningar skal gravast ned og terrenget skal reetablerast. Dei omsøkte tiltaka vil ikkje medføra endra bruk arealet. Omsøkte tiltak vert vurdert til å ikkje gje negative verknader i forhold til verken arealbruk eller strandsone. Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at verken LNF-føremålet eller dei omsyna byggjeforbodet i strandsona skal ivareta vert vesentleg sett til side.

I vurderinga av fordelar og ulemper har administrasjonen lagt vekt på at omsynet til arealføremål og strandsone er vurdert til å ikkje verta sett vesentleg til side og at tiltaket vil sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande avløpshandtering frå eigedomane. Fordelane ved å gje dispensasjon er vurdert å vera større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknaden om dispensasjon vert godkjend.

Vidare handsaming

Dispensasjonsvedtaket vert å senda Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar. Vi gjer merksam på at dersom det kjem klage på eit vedtak er ikkje saka endeleg avgjort før klagen er handsama av fylkesmannen.

Etablering av leidning i sjø vil krevja løyve etter hamnelova. Saka vert send Bergen og Omland havnevesen, som forvaltar hamnelova på vegne av kommunen, til orientering.

Søknaden om utsleppsløyve vert handsama i eige vedtak.

Etablering av anlegget kan ikkje ta til før det er søkt om og gitt løyve etter plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 20-3.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Det er i registrert eit blautbotnområde i strandsona på austsida av Grunnevågen som utsleppet skal gå ut i. Området er klassifisert som lokalt viktig (lågaste verdiklasse). Tiltaket vil ikkje berøra lokaliteten direkte. Kommunen finn at etablering av nytt avløpsanlegg slik det er søkt om ikkje vil koma i konflikt med det registrerte blautbotnområdet i strandsona.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av felles avløpsreinseanlegg slik det er søkt om.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må **høvet** til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Bortfall av løyve

Vedtak om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Atle Hevrøy	Maurhaugen 20	5281 Valestrandsfossen
Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892 BERGEN
Else Marie Othelie Svanevik	Sælenveien 91	FYLLINGSDALEN
Ragnhild Aase Jensen	Nylundsveien 16	LAKSEVÅG

Mottakarar:

Atle Hevrøy	Maurhaugen 20	5281 VALESTRANDSFOSSEN
-------------	---------------	------------------------